



Statens vegvesen

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 UGGDAL

Morten Anthonessen

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eva Sundal / 53650168

Vår referanse:
16/142978-9

Dykkar referanse:

Vår dato:
02.05.2017

Høyringsuttale – Trafikksikringsplan for Tysnes kommune 2017–2024

Vi viser til oversending motteke den 30.03.2017, der det er varsla om høyring av forslag til Trafikksikringsplan for Tysnes 2017 – 2024.

Lokalt trafikksikringsarbeid i kommunane er avgjerande for å nå nasjonale mål om reduksjon i antal drepne og skadde. Statens vegvesen ser det som svært positivt at Tysnes kommune no rullerer trafikksikringsplanen og ynskjer å bli godkjent hjå Trygg Trafikk som «Trafikksikker kommune»

Tidspunkt for planlegging og oppstart for dei enkelte tiltak som vedkjem fylkesvegnettet er avhengig av prioritet og bevilgning i program og budsjett og må tilpassast desse. Ein vedteke trafikksikringsplan er eit godt utgangspunkt for å gje dei ynskja lokale tiltak ein prioritet for bevilgning og gjennomføring. Eit døme på det er at Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland allereie etter kommunen sin søknad har gjeve bevilgning til prioritet 1 i planen før den er vedteke. (tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak 2017)

Statens vegvesen sine merknader til planen

1. Statens vegvesen synes det er ein god plan med ei grei inndeling av dei fysiske tiltaka.
2. Fartsgrensesaker og kollektivsaker er oppført i same liste, sidan desse normalt er midlar frå to ulike programområder bør dei ideelt sett delast opp i to lister.
3. Det må førast på vegnummer på tiltaka på side 28, 29 og 30.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Eitrheimsvegen 160
5750 ODDA

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

4. Oppfølging og evaluering av trafikksikringsplanen er viktig og avgjerande. Vi saknar ein grundigare utgreiing for korleis kommunen skal overvåka framdrift og gjennomføring av tiltak i høve det som er planlagt og prioritert. Det står i kapittel 7 i planen at tiltaksliste skal reviderast kvart år men det bør i tillegg utarbeidast ein årleg statusrapport som vert førelagt kommunestyret, jf. Håndbok V722.

Statens vegvesen har ikkje ytterlagare merknader til planen og ser fram mot vidare godt samarbeid om trafikksikringsarbeidet på Tysnes.

Plan og forvaltning, Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonsleiar

Eva Sundal

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN